



Terje Brakstad
Orrhøyflaten 10
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1682 - 14/6512

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:
05.05.2014

Godkjenning - utslepp frå nytt våningshus, gnr. 7, bnr. 1 på Brakstad.

Administrativt vedtak. Saknr: 107/2014

Saksutgreiing:

Det vert søkt om utsleppsløyve for nytt våningshus med sekundærleilighet på gnr. 7, bnr. 1 på Brakstad.

I samsvar med søknad skal avlaupet reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg kl. I før utslepp vert ført til terreng på eigen eigedom.

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

Vurdering:

Eigedomen ligg i eit område med krav om reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Det er ikkje mogeleg å føre avlaupet til sjø.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredstillar NS-EN 12566-3 eller tilsvarande reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk.

Eigar av utsleppet er ansvarleg for eventuell forureining, jfr. § 7 i forureiningslova.

Utsleppsløysinga det er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløysing som omsøkt i medhald av "Forskrift om begrensing av forurensing" sin § 12-5.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av "Forskrift om begrensing av forurensing" sin § 12-5, utsleppsløysing for nytt våningshus med sekundærleilighet, 10 pe, på gnr 7 bnr 1 i samsvar med søknad stempla motteke 09.04.2014 og supplerande dokumentasjon motteke 11.04. og 14.04.2014 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke bruk.

Ansvarsrettar vert å godkjenna slik dei ligg føre i innsendt byggjesak, jf plan- og bygningslova.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.»

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Kopi til:

Byggmester Knut Henanger

Mottakere:

Terje Brakstad

Orrhøyflaten 10 5918

FREKHAUG